



# Solund kommune

## VEDTEKTER FOR SOLUND BARNEHAGE

Vedteke i Solund kommunestyre i sak 057/21

### § 1 EIGE / DRIFT

Solund kommune eig og driv barnehagen. Barnehagen skal drivast etter Lov om barnehager med forskrifter. I tillegg kjem kommunale vedtekter.

### § 2 FØREMÅL

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, samt å fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling, jamfør § 1 i Lov om barnehagar. Med utgangspunkt i Rammeplan for barnehagen skal Samarbeidsutvalet fastsetje ein årsplan. I årsplanen vert Rammeplanen tilpassa lokale forhold.

### § 3 BARN OG FORELDRE SI MEDVERKNAD

- Barnehagen må legge til rette for at borna får høve til å gje uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen.
- Barnehagen skal ha eit Foreldreråd og eit Samarbeidsutval, jamfør Lov om barnehagar §4.

Foreldrerådet består av alle foreldra / føresette til borna i barnehagen. Foreldrerådet vel to representantar til Samarbeidsutvalet. Ein av desse skal veljast til leiar i Foreldrerådet. Foreldrerådet skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet skal ha 6 representantar:

- 2 representantar valde av kommunestyret, bør vere faste medlemmar i kommunestyret.
- 2 representantar valde av foreldrerådet
- 2 representantar valde av dei tilsette.

Foreldra og dei tilsette sine representantar skal veljast for to år (ein avd eit kvart år). Funksjonstida for dei andre representantane følgjer den kommunale valperioden. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Styrar er sekretær for Samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

### § 4 SØKNAD / OPPTAKSMYNDE

Søknad om opptak skjer elektronisk via Solund kommune si heimeside, etter ekstern og offentleg utlysning.

Søknadsfrist for hovedopptak er 01.03.

Søknadsfrist for 2.gongs opptak er 01.09.

Søknader utenom søknadsfrist vert innvilga dersom mogeleg.

Solund kommune som barnehagemyndighet gjer opptaket.

### § 5 RETNINGSLINJER FOR OPPTAK

## 1. Aldersgrense.

Aldersgrense for Solund barnehage er 10 månader - 6 år, med to avdelingar godkjent for barn 10 månader-6 år og ei avdeling godkjent for 3-6 år. Barnet må vere ti månader den dagen det byrjer i barnehagen.

## 2. Opptaksriterium

Som hovudregel skal barna verte tildelt plass etter alder ovanfrå og nedover. I tråd med Lov om barnehagar § 18:

- Har barn med nedsett funksjonsevne rett til prioritet ved opptak. Sakkundig vurdering skal leggast til grunn for om barnet har nedsett funksjonsevne.
- Har barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, rett til å verte prioriterte ved opptak.

Kommunen har ansvar for å sjå til at barna har prioritet.

- Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av august det året dei søker plass i, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen frå august. Barn som fyller eitt år i september, oktober, eller november har etter søknad rett til plass i barnehagen innan utgangen av månaden dei fyller eitt år.
- Barn har rett til barnehageplass i den kommunen der dei er busett.
- Før barnet tek til i barnehage skal det leggjast fram erkæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingane på helsestasjonen kan erklæringa verte gjeve av føresette, jamfør § 50 i Lov om barnehagar.

## 3.Plass

Solund barnehage tilbyr 60%, 80% eller 100% plass.

## § 6 OPPTAKSPERIODE

Dei som vert tildelt plass ved Solund barnehage har denne til den vert sagt opp eller til barnet går ut av barnehagen.

Oppseiing av plass må skje skriftleg med varsel på ein månad, oppseiing er gjeldande frå den 1. i kvar månad. Plassen til barn som skal byrje på skulen i august må seiast opp seinast innan 1.april for å nytte oppseiingsretten. Dette gjeld om ein vil seie opp i perioden mellom 01.04 og skulestart. Dersom denne oppseiingsfristen ikkje vert heldt, vil det verte krevd betaling for plassen ut barnehageåret.

Det einskilde barn skal ha tre veker samanhengande fri i løpet av kvart barnehageår. Hovudferie skal meldast barnehagen innan 01.04, om ikkje har styrar rett til å plassere ferie.

Barnehageåret følgjer skuleåret.

## § 7 OPNINGSTID

Solund barnehage held ope 07.10 – 16.40 mandag til fredag.

Maxtid: Barna kan nytte plassen inntil 9 timer pr dag. Det vert gjeve skriftleg varsel ved tre overtredelsar av maxtid, etter fem gongar vert det varsle oppseiing av barnehageplassen.

Solund barnehage er stengd jul –og nyttårsafta, samt onsdag før skjærtorsdag 12.00-16.30.

Barnehagen er stengd fem plandagar pr barnehageår. To av dei fastlagt før oppstart av barnehageåret. Som følgje av tre veker ferie og fem plandagar, er juli månad betalingsfri.

## **§ 8 BETALING**

- Foreldrebetaling kan ikkje setjast høgre enn maksimalgrensa. Betaling for kost kjem i tillegg. Maksimalgrensa vert fastsett i Stortingets årlege budsjettvedtak.
- Foreldrebetalinga vert fastsett årleg av kommunestyret i gebyrregulativet
- Det vert gjeve 30% søskensmoderasjon for 2.barn og 50% søskensmoderasjon for 3. eller fleire barn
- Føresette kan ha rett til å søkje om redusert foreldrebetaling

## **§ 9 TAP AV RETTAR**

Barn kan miste retten til plass i barnehagen etter vedtak av barnehageeigar dersom:

- a) Ikkje den føresette betaler fastsett betaling til rett tid
- b) Plassen vert nytta svært uregelmessig
- c) Plassen vert nytta ut over avtala maxtid

Ved klage på vedtak om tap av rettar, får barnet gå i barnehage til klaga er handsama og det ligg føre eit endeleg vedtak.

## **§10 MAT**

Foreldre/føresette betalar eit fast beløp pr månad for mat. Beløpet vert fastsett årleg av kommunestyret i gebyrregulativet.

## **§ 11 GODKJENNING AV AREAL**

Med leike –og oppholdsareal meiner ein areal som faktisk står til disposisjon for barna sine aktivitetar. Det vil seie at areal som toalett, garderobe, lager og areal sett av til personal ikkje vert å sjå som faktisk areal som står til disposisjon for barnas aktivitetar. Solund barnehage er godkjent med følgjande arealnorm:

### **Inneareal:**

For barn over 3 år: 4 kvm

For barn under 3 år: 5,3 kvm

### **Uteareal:**

Minimum 6 gonger større enn leike –og oppholdsareal inne, eller minimum 24 kvm pr barn.

## **§12 GODKJENNING AV VEDTEKTENE**

Desse vedtektena skal godkjennast av Solund Kommunestyre.

Administrasjonssjefen har fullmakt til å utføre redaksjonelle endringar.

Anne Brith Tangenes  
Styrar Solund barnehage